

Thori-Aamot Bente

Fra: Dietz Anne Cathrine
Sendt: 10. januar 2005 16:19
Til: Thori-Aamot Bente
Emne: VS: 91799.doc Høyringsuttalw - Ny barnehagelov

BARNE- OG FAMILIETIDEL	
ARKIVNR. 330.00	
17 JAN 2005	
SAKSBEF.	
SAKSNR. 2004/04169	350

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Maren Ørjasæter Aaland [mailto:Maren.Orjaseter.Aaland@fmmr.no]
Sendt: 10. januar 2005 15:54
Til: Dietz Anne Cathrine
Emne: 91799.doc Høyringsuttalw - Ny barnehagelov

Barne- og familiedepartementet
 Postboks 8036 Dep
 0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato: Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	09.11.2004 FM: 2004/9103/MAAA/610	Maren Ørjasæter Aaland,	06.01.2005

Høyringsuttale - ny barnehagelov

Det vert vist til høyringsnotat om ny barnehagelov datert 09.11.04.

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, har følgjande merknader til utkast til ny barnehagelov.

§ 2. Barnehagens innhald

Forslag til ny innhaldsparagraf er svært detaljert i forhold til i gjeldande lov. Samtidig som ein hevdar at lovutkastet skal gi større fridom til aktørane, vert det lagt vekt på å detaljere og forsterke det pedagogiske innhaldet i barnehagen.

Ein tolkar dette slik at ein ved å ta så mange punkt når det gjeld krav til innhald inn i lovteksten, har ein sterk intensjon om å sikre at barnehagen skal vere ei verksemd der kvalitet og utvikling står sentralt i det pedagogiske innhaldet.

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, meiner det er viktig for å oppretthalde og vidareutvikle gode barnehagar.

Ein vil likevel hevde at innhaldsparagrafen er gjort noko for omfattande, og at ein med færre og meir konkrete målformuleringar, vil gjere den til eit betre og meir tydeleg verkty for dei ulike aktørane i barnehagen.

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, foreslår at nokre av punkta som er foreslått å ta inn i lovteksten, i staden vert forskriftsfesta.

Når det gjeld kompetansebehov for å oppfylle innhaldsparagrafen, vert dette kommentert under §§ 18 og 19.

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, foreslår vidare at ein i paragrafen sitt første ledd, tar bort ordet tilrettelagt.

Då gjenstår "Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet", noko som inneber at

barnehagen driv ei verksemd tilrettelagt og tilpassa dei barn og foreldre som gjer seg nytte av tilbodet.

§ 3. Barns rett til medvirkning

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, meiner det er positivt og viktig at barn sin rett til medverknad er foreslått lovfesta.

Det er viktig for barnet si læring og utvikling til aktive deltakarar i eit demokratisk samfunn, at ein så tidleg som mogleg erfarer at ein sjølv er med og skaper den røyndomen ein er ein del av. For å ivareta flest mogleg av barna sin relle medverknad, foreslår ein å endre omgrepet "å uttale seg" i første ledd, til omgrepet "å uttrykke seg".

Første ledd får då følgjande ordlyd:

Barn i barnehagen har rett til å uttrykke seg om sitt syn på barnehagen innanfor barnehagen si daglege verksemd.

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

I siste leddet i forslaget til ny § 4, står det "barnehageeigar skal sørge for at saker av viktighet forelegges samarbeidsorganene".

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, vil hevde at dette er noko vagt og utydeleg formulert. Det bør kome nærare fram i lovteksten kva saker som vil vere viktige å få forelagt for samarbeidsutvalet.

§ 10. Godkjenning

Det er foreslått å vidareføre bestemmelsen om at alle barnehagar som oppfyller krav i barnehagelova har rett til godkjenning og tilskot. Når ein nærmar seg ein ferdig utbygt sektor vil dette gi nye utfordringar. Ein kan tenkje seg at barnehagar vert etablerte uavhengig av reelle behov. Dette vil kunne medføre ein uheldig konkurranse-situasjon. Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, meiner kommunen må få ein rett til å styre etableringar når sektoren nærmar seg eller har oppnådd full dekning.

§ 13. Prioritet ved opptak

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, støttar bruk av omgrepet nedsett funksjonsevne i staden for omgrepet funksjonshemming, i ny lovtekst.

Det er vidare ei styrking av oppvekstvilkåra for barn, at det vert foreslått at barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, støttar at dette vert lovfesta.

§ 16. Tilsyn

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, støttar departementet si innstilling om å oppheve fylkesmannen sin heimel til å føre tilsyn med den einskilde barnehage og å innføre ein heimel for statleg tilsyn med kommunen si utøving av mynde.

Dersom kommunen får ei plikt til internkontroll, vil tilsynsarbeidet betre kunne systematiserast både for statleg tilsyn og for kommunen sjølv.

Plikt om internkontroll for kommunen er i samsvar med Aaslandutvalet sine tilrådingar.

§ 18. Ledelse

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, støttar alternativ B.

Det er nødvendig for å oppretthalde og vidareutvikle gode barnehagar for alle, at kompetansekravet til leiar i barnehage er tydeleg regulert i nasjonal lovtekst. Det vil vere uheldig om den einskilde kommune sjølv skal vurdere når "en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse" er oppfylt. Her kan økonomiske omsyn få for stor plass i den kommunale prioriteringa og praksis og kvalitet i barnehagetilbodet vil kunne variere innad i ein kommune og kommunar i mellom. Dette står i strid med at det no er innført eit system med nasjonal standard på foreldrebetaling. Ein bør tilstrebe at brukarane betaler det same for eit så kvalitativt likt tilbod som mogleg.

Ved å vise til foreslått innhaldsparagraf i lovutkastet og formålsparagrafen, og dei mangfaldige oppgåver og arbeidsområde som skal ivaretakast i den pedagogiske verksemda, vil det vere nødvendig at styrar i barnehage har pedagogisk kompetanse som formulert i alternativ B. Forskning viser at kompetansen til leiaren i ein organisasjon, er avgjerande for fremming av organisasjonen si retning og utvikling. Ei pedagogisk verksemd som ein barnehage, har

særskilte oppgåver når det gjeld å fremme barna si læring og utvikling av haldningar og verdisystem. Det som er vektlagt og prioritert på den einskilde avdeling/i den einskilde barnegruppe, må løftast opp og få konsekvensar for den daglege og langsiktige planlegging og leiing av verksemda. Skal ein få til dette på ein god måte, der samanhengar og heilskapstenking skal kunne ivaretakast, er ein avhengig av den pedagogiske kompetansen både på avdelings- og verksemdsnivå.

Mange kommunar har innført to-nivåmodellar, med stor grad av resultatansvaret lagt til styrar. Styrar har mange oppgåver også innanfor økonomi, organisasjon og leiing. Det må likevel haldast fram at pedagogisk kunnskap må ligge til grunn for leiing av barnehageverksemda.

§ 19. Barnehagens øvrige personale

Møre og Romsdal fylke, utdanningsavdelinga, støttar alternativ B. Ein viser til grunngjeving ovanfor.

Ein ser det som ein fordel at i alternativ B er norma for pedagogisk bemanning forenkla til ei felles norm med krav om ein førskulelærer per 10-14 barn som er tilstades samtidig.

Med helsing

Per Hoem
Fylkesutdanningsdirektør

Alv Walgermo
Utdanningsdirektør